

Ór Skuggsjá Konungs

Sunr:

Góðan dag, herra minn. Ek em svá kominn til yðars fundar sem byrjar lýðnum syni ok lítillátom at finna ástsamligan fQður ok gQfgan, ok vil ek þess yðr biðja at þér hafer þolenmóðe at lýða þeim lutum er mek fýser at spyrja, en lítilláeti at svara mæð góðfýsi spurnum lutum.

Faðer:

Mæð því at þú ert æinkason minn, þá líkar mér vel at þú komer opt til míns fundar, því at skylt væri tal okkat um marga luti, ok vil ek gjarna lýða því er þú vilt spurt hafa.

Sunr:

Mæð því at ek em nú á léttasta aldre, þá fýsumst ek at fara landa meðal, því at ek treystumst eigi til hirðar leita fyr en ek hæfða sét annarra manna siðu áðr.

Faðer:

Sá maðr er kaupmaðr skal væra, þá værðr hann læggja sik í margan lífsháska, stundum í hafe, en stundum í heidnum lQndum, en næsta jamnan mæð ókunnum þjóðum. Nú þarf hann í hafe mikinn ofléttleik ok raustleik.

En æf þú ert staddr í kaupstQðum eða hvar sem þú ert, þá ger þek siðsaman ok létllátan, þat görir mann vinsælan við alla góða menn.

Væn þú þek árvakran um morna ok gakk þegar fyst til kirkju þar sæm þér þykkir bæzt fallit at lýða tíðum. En at loknum tíðum, gakk þú út ok skyggn um kaup þín.

En öll þau kaup er þú kaupir, þá hafðu jamnan nokkora skilamenn íhjá, þá er váttaf sé hværso því kaupi var keypt.

Ger þú þér allar lQgbókr kunnar, en mæðan þú vilt kaupmaðr væra, þá ger þér kunningar Bjarkeyar-rétt. En þó at ek róða nú flæst um lQgmál, þá værðr ængi maðr til fulls vitr, nema hann kunni góða skilning ok góðan hátt á Qllum siðum.

Ok æf þú vilt værða fullkomenn í fróðleik, þá næmðu allar mállýtskur, en allra hælzt latínu ok valsku, því at þær tungur ganga víðast. En týnðu eigi at heldr þinni tungu.

Frá Kongsspegelen

Sonen:

God dag, herren min! Eg er komen til møte med Dykk slik det sømer seg ein lydig og smålåten son for å finne ein kjærleg og gjæv far, og eg vil be Dykk om at De vil ha tolmod til å lyde på dei sakene som eg har hug til å spørje om, og audmykt til å svare med velvilje på spørsmåla mine.

Faren:

Fordi du er den einaste sonen min, så likar eg godt at du kjem ofte til meg, for me har mykje me burde tale om, og eg vil gjerne lyde på det du vil spørje om.

Sonen:

Fordi eg no er i min beste ungdom, så har eg hug til å vitje andre land, for eg trøyster meg ikkje til å gå inn i hirda før enn eg hadde sett andre folks seder først.

Faren:

Den mann som skal vere kjøpmann, han må utsetje seg for mang ein livsfare, stundom på havet, og stundom i heidne land, og mest jamt hjå ukjendefolkeslag. På sjøen treng han å vere både rask, lett og uforfæld.

Men om du er i byar eller kor du er, så ver høvisk og lettlyndt, det gjer at alle gode folk tykkjer vel om deg.

Ven deg til å stå tidleg opp om morgonen og gå straks først til kyrkje der du tykkjer det høver best å lyde på messe. Og når messa er over, skal du gå ut og sjå etter kva du skal kjøpe.

Og når du kjøper noko, skal du alltid ha med deg nokre gode menn som kan vitne om korleis kjøpet var oppgjort.

Gjer deg kjend med alle lovbøker, men som kjøpmann bør du særleg gjere deg kjend med Bjarkøy-retten (kjøpstadretten). Men jamvel om eg no talar mest om lovsaker, så blir ingen mann til fulle vis utan han har god forstand og er velseda på alle måtar.

Og om du vil vere fullkomen i klokskap, då skal du lære alle slags tungemål, men aller helst latin og fransk, for dei tungemåla når vidast. Men gløym heller ikkje ditt eige mål.

